

## Retningsline for tilsette si deltaking på ferieturar med personar med nedsett funksjonsevne

Tilbod om ferieturar er ikkje ei kommunal lovpålagt oppgåve, jf lov om helse- og omsorgstenester. Osterøy kommune opnar for at bebuarar kan dra på feriereise, at reisene er fagleg forsvarlege og at reisene er i tråd med arbeidsmiljølova.

1. Retningslina byggjer på at tilsette sjølv må ynskje å delta på ferien.
2. Bebuarar i bufelleskap får moglegheit til å ta med personal på ferie- og overnattingsreise.
3. Retningslina skal sikre eit godt samarbeid slik at kommune og verge/familie evt kan arbeide fram ein fordelt ferieturnus mellom familie og kommunalt tilsette, slik at reisa blir mindre belastande for familien og samtidig kan gjennomførast med lågare kostnad/personale, enn ei reise der kommunen er ansvarleg for den totale tenesteytinga.
4. Reisa skal bli gjennomført faglig forsvarleg – kommunalt personal skal yte tenester ut frå brukar sitt behov.
5. Verge er i samråd med bebuaren ansvarleg for å planlegge feriereisa i samarbeid med ansvarlig leiing.
6. Kommunal tenesteyting til feriereise og andre overnattingsreiser skal ytast i tråd med gjeldande regelverk<sup>1</sup>, tariffavtalar<sup>1</sup>, og øvrige reglar<sup>2</sup>.
7. Kommunen skal sikre likeverdige tenester for alle bebuarar i bufelleskap
8. Kommunen må sikre at gjenværande bebuarar i bufelleskapet mottek forsvarlege tenester i samsvar gjeldande regelverk og vedtak<sup>3</sup>.
9. Det skal ikkje oppstå økonomiske meirkostnadar for Osterøy kommune ved gjennomføring av feriereiser eller ved kansellering. Meirkostnadar inkluderer mellom anna kostnadar utover ordinær bemanning, reise og opphald for tilsette, og utgifter til vikarar i bufelleskapet
10. Kommunen må sikre at verge er informert om kva meirkostnader bebuar er ansvarlig for å betale
11. Ved reiser der kommunalt tilsette er med skal det bli ført journal for dei tenestene kommunen yter. Desse skal bli scanna inn i journalsystem etter reisa.

<sup>1</sup> Bl.a. arbeidsmiljøloven, helsepersonelloven, ferieloven

<sup>2</sup> Osterøy kommune sitt personalreglement og turnusordningar

<sup>3</sup> Bl.a. helse- og omsorgstjenesteloven, forvaltningsloven